



Bergen kommune - Byantikvaren
Postboks 7700
5020 BERGEN

Dato: 05.03.2014
Dykkar ref.: 201403411-3
Vår ref.: 2014/12611-2

«Kulturminnekompetanse i kommunane og kulturminneplanar 2013 – 2016». Oppmoding til Bergen kommune

Vi viser til vår utlysning av 27. januar og svarbrev frå Bergen kommune dagsett 13. februar 2014.

Hordaland fylkeskommune har på grunnlag av vedtak i fylkesutvalet i sak PS 14/2014 sett i gong prosjektet *Kulturminnekompetanse i kommunane og kulturminneplanar 2013 – 2016 (KIK)*. Tiltaket er del av ei samordna satsing der statlege, fylkeskommunale og kommunale styresmakter arbeider for å nå dei nasjonale resultatmåla på kulturminnefeltet. Prosjektet heng saman med Klima- og miljødepartementet sitt arbeid for styrking av kommunal kompetanse, jf Stortingsmelding 35 (2012–2013) *Framtid med fotfeste*.

Stortingsmeldinga legg til grunn målet om at «*alle kommunene har tilgang til kunnskap om og oversikt over viktige kulturminner og planer for hvordan disse skal forvaltes. Sentralt i prosjektet står tiltak som skal stimulere kommunene til å registrere og verdifastsette kulturminner av lokal og regional verdi. Etter Miljøverndepartementets vurdering bør det være et mål at 90 prosent av kommunene innen 2018 skal ha en tilstrekkelig oversikt slik at de skal kunne utforme egne planer med særlig fokus på kulturminner...Slike oversikter og overordnede planer er viktige for at kommunene skal ha tilstrekkelig kunnskap og kunne bruke muligheten til å regulere til vern gjennom hensynssoner etter plan- og bygningsloven.*»

I brev frå Hordaland fylkeskommune dagsett 27. januar 2014 vert alle kommunar i Hordaland inviterte til å søkje om midlar til prosjektarbeid. Responsen har vore god, og fleirtalet av kommunar har vist interesse for prosjektet. Pr. mars 2014 er Bergen ein av fire kommunar i Hordaland som ikkje har vedteke kulturminneplanar og som heller ikkje har søkt om å ta del. Jf svarbrev frå Bergen kommune finn administrasjonen ikkje rom til å medverke i denne satsinga «*...da vi for øyeblikket ikke har planer for, eller et vedtak om, å utarbeide en kommunedelplan for kulturminner. Vi vil derfor ikke søke om midler til registrering av kulturminner i 2014.*».

Behov for kommunedelplan for kulturminne i Bergen kommune

Offentleg planlegging heimla i plan- og bygningsloven gjev gode rammer for å sikre ei berekraftig samfunnsutvikling som balanserer ulike sektorinteresser gjennom folkevald styring. Hordaland fylkeskommune meiner til liks med Klima- og miljødepartementet og Riksantikvaren at kulturminnefeltet må sjåast i eit slikt perspektiv, og at folkevald engasjement er ein føremon for ei god forankring av saksområdet. Jf Riksantikvarens vegleiar «Kulturminner i kommunen – kulturminneplan»:

«*Mange kommuner ønsker å ta et bevisst planmessig grep om forvaltningen av sine kulturminner og kulturmiljøer. En kommunedelplan for kulturminner vil sette temaet på den politiske dagsorden og innarbeide det i store deler av kommunens virksomhet.*»

Kulturminneplanlegging tufta på gode politiske prosessar gjer det lettare å sikre ei langsiktig forvaltning der utvalde kulturminne vert ein ressurs for kommunen og innbyggjarane. Prosessen fram til planvedtak gjev høve til å setje merkemda på breidda i kommunen sin særeigne kulturarv, også utanfor sentrum, og finne fram til særlege kulturminne som bør bevarast i medverknad med innbyggjarane, frivillege lag og foreiningar, ressurspersoner, skular og næringsliv. Planarbeidet kan også innebere at kommunane identifiserer særlege tiltak i høve eigne eigedommar eller på saksfelt der dei har ansvar, td landbruk og kyrkjjer.

Hordaland fylkeskommune sin dokumentasjon viser at kulturminne av lokal eller regional verdi er særleg utsette i areal og byggjesaker i Bergen og andre vekstkommunar. Der kommunane skal leggje til rette for vekst og utvikling bør kulturminneinteressene gjerast tydelege så tidleg som mogeleg – og ikkje først og fremst dukke opp som ein konsekvens av allereie i gangsett planarbeid.

I dag legg Bergen kommune for dagen verdfull innsats i høve dokumentasjon i samband med aktuelle arealplanar. Kulturminnegrunnlaga er i stor grad oppdragsfinansierte og vert gjort av kommunen sine eige tilsette. Dei er god dokumentasjon, men har etter Hordaland fylkeskommune si vurdering vist seg mindre eigna til å styrkje kulturminneinteressene i overordna planprosessar i kommunen sine folkevalde organ. Til samanlikning har dei andre norske storbyane anten listeført sine kulturminne, t.d. Oslo kommune (Gul liste), eller har eigne kommunedelplanar. Trondheim kommune sin Temaplan for kulturminne og kulturmiljø 2013-2025 vart vedteken 31. oktober 2013. Kulturminneplan for Stavanger kommune 2010 til 2025 vart vedteken av bystyret 14. juni 2011.

Prosjektet legg opp til to strategiar for å løyse dette: 1) dokumentasjon, og 2) planlegging. Basert på oversyn over kulturminne og kulturmiljø innanfor kommunane sine grenser kan ein prioritere mellom dei som bør takast vare på og dei som det ikkje er knytta offentlege verneinteresser til. Det er vidare mogeleg å definere særlege sakshandsamingsprosedurar som gjer areal- og byggjesakene forutseielege og skaper mindre konflikt med andre samfunnsinteresser.

Hordaland fylkeskommune legg til grunn at Bergen kommune si deltaking vil styrkje heilskapen i prosjektet og oppmodar administrasjonen om å leggje til rette for prosessar i kommunen sine politiske styringsorgan for å vurdere deltaking ved neste høve.

Per Morten Ekerhovd
fylkeskonservator

Elizabeth Warren
Seniorrådgjevar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Kopi til:

Riksantikvaren Postboks 8196 Dep.